

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 11/2012

Møtedato: 28.3.12

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Pris på elgjakt

Fjellstyret leiger ut elgjakta med ein fast grunnpris og betaling pr. kilo kjøtt. Grunnpris blir betalt tilbake om dyr blir felt. Kiloprisen er progressiv, dvs låg for små dyr og stigande kilopris med aukande vekt. Progressiv pris er innført for at det skal vera lettare å ta ut dårlagare dyr. Prisane på elgjakt er ikkje regulert sidan 2003. Prisane var i utgangspunktet berekna på eit snitt ca kr 55 pr. kilo, men pga auka snittvekta var kilopris i 2011 ca kr 60 pr. Kilo. Grunnpris er kr 2800 pr dyr. Inntekt i 2012, fråtrekt fellingsavgift, var ca kr 240.000.

Det er uheldig at det går mange år mellom kvar regulering slik at det blir store hopp når ein justerer pris. Vi bør ha oftare regulering for å unngå dette, ein del fjellstyre som har vedteke at jakt- og fiskeprisar automatisk blir oppregulert etter pris- og lønnsutvikling. Kostnadane til drift av fjellstyret dreiar seg i stor grad om lønnskostnader og det er kanskje fornuftig å knytte pris til lønnsauke, alternativt kombinasjon mellom prisauke og lønnsauke. Kostnadane for fjellstyret er ca 2/3 lønn og 1/3 andre utgifter. Prisauke (KPI) frå 2003 er ca 15 % og lønnsauken er ca 45 %.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å auke prisane for elgjakt med 20%. Prisane er gjeldande i to år.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 29.3.12

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Elgjaktlaga